



## JOSTEDALSMBREEN PÅ LANGS

Ein skitur på Jostedalsbreen kan by på store og fantastiske variasjonar. På éin og same tur kan du møte varmande vår og full vinter, sludd på tvers og steikande sol, grauttåke med 10 meter sikt og flott utsikt til kvasse tindar og vide vidder.

**Josten på langs er ein tung og lang tur i bratt vestlandsterreng og med ei oppakning på 17-20 kg.**

Dag	Program
<b>Kveld</b>	Frammøte. Kurslokalet Bretun i Jostedalen kl. 21:00 Fordeling og tilpassing av utstyr og utfyllande info om turen.
<b>1. dag</b>	Frå Bretun i Krundalen med bil til Bjørnstegane nord i Jostedalen. Derfrå på ski i retning mot Fåbergstølen, vidare inn til Fåbergstølsbreen og opp fjellsida i nord langs denne til breplataet. Vidare innover storbreen til skjeret på høgde 1872 ved Brenibba. Teltleir. Ev. kveldstur til Brenibba (2018) for dei som vil.
<b>2. dag</b>	Frå teltleiren til Kjenndalskruna (1830), med flott utsyn til Lovatnet og Ramnefjell og vidare til Høgste Breakulen (1957). Derifrå forbi Kvitekoll til Ramnane (1844) og vidare til litt forbi Bings gryte for ny teltleir.
<b>3. dag</b>	Frå Bings gryte til foten av Supphellenipa (1731). Ev. avstikkar til toppen. Deretter ned Supphellebreen og Flatbreen til Flatbrehytta med fin utsikt over Fjærlandsfjorden. Vidare frå hytta bratt (på ski eller til fots) ned til Øygaard i Fjærland og derifrå vidare med buss til Sogndal og Jostedalen.

**Med atterhald om ver- og føretilhøve og deltakarane sine føresetnader vil ein prøve å gjennomføre dette dagsprogrammet på Josten på langs-turen.**

**NB! Deltakarane må møte i god fysisk form og ha fjellski-erfaring.**



## INFO - JOSTEN PÅ LANGS

- NÅR** Turen varer tre dagar med frammøte kvelden før.
- KVAR** Oppmøte på Bretun i Jostedal kvelden før turstart, kl. 21.00. **Sjå vedlagt kart. Koordinatar: 61.63474 breddegrad og 7.22118 lengdegrad.**
- BUSSRUTER** For detaljert info om bussruter til Jostedal, sjå <https://www.skyss.no/> <https://www.nor-way.no> eller <https://www.fjordnorway.com>
- OVERNATTING** Fyrste natta på Bretun (inkl. i prisen). Dei andre overnattingane i telt.
- KART** Jostedalsbreen (nord og sør) i målestokk 1:50 000.  
Dette turkartet kan kjøpast hjå Statens Kartverk eller i bokhandel.
- KLEDE** Ullundertøy langt + skift, ullsokkar tynne/tjukke + reserve, ullgensar ev. fiberjakke, skaljakke (vind og vasstett) m/hette, bukse (vind og vasstett), varm lue + reserve, ullvottar, vindvottar + reserve og ev. gamasjar.
- FOTTØY** Varme fjellskisko/telemarkstøvlar. Innesko.
- ANNA UTSTYR** Toalettsaker. Solbriller. Solkrem. Slalåm-/snøbriller, ryggsekk, telt (vindstabil), sovepose, liggeunderlag, termos, drikkeflaske (stor), snøspade, fyrstehjelpsutstyr, kart, litt skismurning og **skifellar**, litt reparasjonsutstyr + tape, kniv, solide fjellski m/stålkantar, kokeapparat, brensel, kjele, skei og matkopp.
- BRENSEL** **GASS:** 1 boks (450 g) for 3 dagar.  
**BENSIN:** Ca. 2 dl. per dag/person.  
**PARAFIN:** Ca. 3 dl. per dag/person.
- MAT** Frukost, niste, middag for min. 2 dagar + reserveproviant og mat for oppmøtekvelden.
- BREUTSTYR** Jostedalens Breførarlag held naudsynt sikringsutstyr som tau, sele, snøanker etc.
- UTSTYRSLEIGE** Eit par telt og kokarar til utleige: Telt kr. 80.- pr. dag. Kokar kr. 30.- pr. dag. Ver venleg å gje melding på førehand om du treng å leige fellesutstyr (telt/kokeutstyr).

**Ev. forsikring er deltakaren sitt eige ansvar. Me tilrår å teikne ei reiseforsikring som dekkar kostnadene dersom du må avlyse turen på grunn av skade/sjukdom.**

**VEL MØTT TIL SKITUREN JOSTEN PÅ LANGS!**






JOSTEDALEN BREFØRARLAG AS  
www.bfl.no



Slik kjem du deg til Jostedalen :



Tlf. 576 83 111  
Føretaksnr. 984 616 678

E-post: [post@bfl.no](mailto:post@bfl.no)  
Bank: 3785 60 83765